

Bergen 31. august 2016

Søknad om støtte til konsertserie hausten 2016

Eikanger-Bjørsvik Musikklag frå Lindås kommune i Hordaland er eit av dei beste brassbanda i verda. I EBML ynskjer me stadig å utvikla oss og sprengja grenser for å oppnå våre mål. Ved å spela i EBML tek ein del i eit fellesskap av dyktige amatørmusikarar med eit felles mål om å ha så høg kvalitet som mogleg. Våre verdiar "kvalitet, engasjement og fellesskap" står sentralt i alt me gjer, men legg óg grunnlaget for ungdomsarbeidet me driv med. Å engasjera og inspirera, og bringa vidare vår eksisterande kunnskap til dei nye generasjonane er essensielt for vår seinare rekruttering og for å oppretthalda den gode musikk-kulturen i fylket. Me ynskjer å vera leiande på alle felt me driv med.

Eikanger-Bjørsvik har i ei årrekke formidla musikkopplevingar gjennom sin eigen konsertserie, med fire til fem større konsertar med profesjonelle gjestedirigentar, i Bergen kvart år. For Eikanger-Bjørsvik er konsertar av denne typen særst viktig for ensemblets utvikling. Møtet med dirigentar av nasjonal og internasjonal karakter, er stimulerande på mange plan – og er med på å heve kompetansen og forståinga av musikk hjå medlemmane i amatørensemblet. Slik eigenutvikling er viktig for at musikantane kan fortsette arbeidet med å gje inspirasjon attende til lokalmiljøet og framtidige stjernar. Haustens konsertserie inneheldt 2 konsertar

Konsert i Håkonshallen, søndag 25. september 2016

På programmet står originalskrive verk for brassband. Blant komponistane finn me Ball, Wilby og Steadman-Allen.

Gjestedirigent er Ian Porthouse, og innøvingsdirigent er Reid Gilje.

Konsert i Logen Teater, søndag 4. desember 2016

Hovudverket på konserten er urfremføring av ein ny symfoni for brassband, signert Marcus Paus. I tillegg framføres verk av Revueltas, Ginastera og Ravel.

Gjestedirigent er Bjarte Engeset, og innøvingsdirigent er Reid Gilje.

Det søkes om eit tilskot på kr 32.000 til konserten.

Ved eventuelt tilskot kan konto 3632.50.03116 nyttast.

Men von om positivt svar.

Sølvi Ones for Eikanger-Bjørsvik

M: 95 75 88 33

e-post: solvi@unison.as

www.ebml.no

Budsjett, konsertserie hausten 2016

BUDSJETT	25. september	4. desember
Utgifter:		
Gjestedirigent, honorar,	30 000	35 000
Gjestedirigent, reise og opphold	8 000	8 000
Innøvsdirigent	10 000	10 000
Konferansier	1 000	1 000
Blomster (dirigent, solister, konferansier)	1 000	1 000
Notemateriell, kjøp, leie, arrangering	3 000	5 000
Honorar produsent ink. mva	25 000	25 000
Husleie, inkl. vakthold, renhold/gard.	15 000	15 000
Leie øvingslokale	0	0
Transportkostnader slagverk	1 000	1 000
Annonsering	10 000	10 000
Plakat/program	5 000	5 000
Diverse utstyr, teknikk	3 000	4 000
sum utgift	112 000	120 000
Inntekter:		
Billettsalg (a 150,- / 100,-)	12 000	12 000
Offentlige tilskudd, fond og legat	40 000	40 000
Salgsinntekter	3 000	3 000
Driftstilskudd/ egenfinansiering	40 000	50 000
sum inntekt	95 000	105 000
Totalt tilskudsbehov:		32 000